



Møtedeltakarane

Saksnr	Løpenr	Arkivkode	Avd/Sek/Saksh	Dykkar ref
19/1663-8	3613/20	035 A	OPP/ORSK/SKJ1152 0	

REFERAT DRIFTSSTYRE - ORRE SKULE 27.01.2020

Til stades

Bjørn Kverneland,
Arne Petter Mossige,
Lillian Skarding,
Elisabeth Sandvær Marthinussen,
Aina Elise Larsen Grude,

Ikkje møtt/forfall Sikke Rittedal Hognestad,
Jette Margith Eveliina Bjorlandhsalte,
Maria Elise Reinholdtsen Wiig

Kopi til Sissel J. Johannessen,
Jan Harald Forsmo,

Møtestad og tid Orre skule, Meir læring, 27.01.2020

Avklaring/rolleforståing/involvering:

Avklaring kring kva Driftsstyret skal vere i forhold til FAU. FAU skal vere eit rådgjevande organ, medan Driftsstyret skal stemme over dei innspela som kjem frå FAU eller andre. Driftsstyret kan få saker frå FAU, der FAU kan kome med ei innstilling. Det er Driftsstyret som skal stemme over dei innspel dei får.

Avvikling av ungdomstrinnet:

Leiar i driftsstyret og rektor kallar skulesjef inn til eit møte om Vardheia og prosess vidare. Dei elevane som går i 7.klasse nå, blir dei første elevane frå Orre skule som skal gå på Vardheia. Det er viktig at desse får god nok informasjon om dette.

Kva skal skje med bygningsmassen? Dette er foreløpig litt uklart. Det blir diskutert både riving og rehabilitering. Driftsstyret ønsker å vere involvert i prosessen og dei avgjerslene som skal tas i dette. Dette tar leiar i driftsstyret og rektor opp med skulesjef i møtet om Vardheia.



Kommunikasjon skule-heim:

Driftsstyret ønsker å utarbeide eit forventningsdokument for kommunikasjon og samarbeid mellom skule og heim. FAU kjem med eit forslag til kva forventning foreldra har til skulen, og personalet på Orre kjem med forslag til kva forventningar skulen har til heimen. Driftsstyret utarbeider til slutt ein forventningsplakat.

Klepp kommune, 30.01.2020

Stine Karen Kjellås
Referent